

*Velkommen til Svelgen omsorgssenter*



## *Pleie- og omsorgstenester ved Svelgen omsorgssenter*

- Vi er alle unike og uerstattelige mennesker med krav på respekt - uavhengig av alder, kjønn og kultur. Mennesket er ein heilhet kor dei fysiske, psykiske, sosiale og åndelege dimensjonane verkar gjensidig inn på kvarandre
- Det er viktig for oss ”å sjå” den einskilde bebuar og gje han eller ho eit individuelt tilpassa tilbod. På den måten vil vi skape trygghet og best mogleg pleie.



## *Yrkesgrupper som arbeider her:*



- Sjukepleiarar
- Hjelpepleiarar, omsorgsarbeidarar og helsefagarbeidarar. Nokon med vidareutdanning i geriatri, psykiatri, kreft og lindrande omsorg
- Lærlingar og elevar
- Assistentar
- Aktivitør
- Merkantil
- Kokk og kjøkkenassistentar
- Reinholdarar
- Tilsynslege, tilsyn etter avtale
- Fysioterapeut
- Elles tilgong på ergoterapeut, frisør, tannpleiar, logoped og fotpleiar

## *Kva jobbar vi med?*

- Å skape ein god dag for den enkelte brukar
- Rehabilitering
- Demensomsorg
- Medisinsk behandling
- Miljøterapi
- Ei verdig livsavslutning



## *Dei ulike einingane på SO*


- **Lunden:** her bur det personar som treng skjerming, tett oppfølging og miljøterapi.
- **Maritinden:** her bur det personar som gjerne har langtkomen demens, eller som treng tett oppfølging frå personalet.
- **Troda:** her er korttidsrom samt rehabiliteringsrom. I tillegg personar i langtidsrom og fire omsorgsbustadar.
- **Keipen:** her bur personar med somatiske plager.
- **Hornelen:** her er det tre omsorgsbustadar i tillegg til langtidsrom. Nokre av dei personane som bur her treng lindrande behandling og pleie –i tillegg til personar som ellers treng ein god del hjelp.

På Hornelen er det lindrande rommet.

## *Aktivitetar*

- På Storstova i første etasje er der ulike aktivitetar. Til dømes onsdagar er det alltid bingo og vaffelsteiking.
- Avdelingane lagar også egne aktivitetar tilpassa sine brukarar
- Mange frivillige er innom i løpet av året og underheld med aktivitetar som musikk, dans, sittedans m.m.
- Fysioterapeut er her 3 dagar i veka og trenar med dei som treng det
- Vi har sansehage og eit flott uteområde som eignar seg godt til turar
- Vi har rickshawsykkel til utlån
- Ein gong i månaden er det andakt med prest på Havglimt. Presten kan også kontaktast om ein ynskjer det

## *Ulike aktiviteter*



## *Rommet ditt*

På Svelgen Omsorgssenter har alle einerom.

På rommet må du gjerne pynte med bilete, blomar og andre pyntegjenstandar. Bileta må hengast etter bildelist.



Rommet er møblert med seng, nattbord, eit lite bord, ein god lenestol, to vanlege stolar og vegghegt TV.

Det er tillatt å ta med éit salongbord og ein kommode/sjenk.

Det er egne reglar for omsorgsleiligheter, sjå lengre bak i brosjyra.



## *Måltida ved SO*



- Frukost vert servert frå kl 09.00
- Middag frå kl 13.00
- Kaffe frå kl.16.00
- Kvelds frå kl 18.30



Alle måltida et vi på felleskjøkkenet på kvar eining.

Pårørande kan bestille middag mot betaling dersom ein ynskjer å ete i lag med sine.



## *Ting å hugse på*

- Verdisaker: det er ikkje tilrådeleg å oppbevare mykje pengar på rommet. Pasienten har sjølv ansvaret for kontantar og andre verdisaker. Vi er ikkje erstatningspliktige for saker som vert vekke.
- Brannførebyggjing: Grunna brannfare ser vi oss nøydde å forby bruk av levande lys på omsorgssenteret.
- Merking av klede: Pårørende må skaffe merkelapper og merke klærne. Merk de gjerne med Svelgen Omsorgssenter også. Vaskeriet vaskar kle to gonger per veke, så det er lurt med fleire skift.
- Innkjøp: Innkjøp og ivaretaking av økonomi/betalingar av rekningar, må pårørende ta seg av.
- Post: Posten vert levert i resepsjonen og frakta til aktuell eining. Pasienten som sjølv mottek sin post, står ansvarleg for posten sin. Om ein har langtids plass, må ein melde flytting. Ved videresending vert ein fakturert. Adressen hit er Granden 1, (H0101) 6723 Svelgen

## Tannhelse



- Fylkeskommunen skal gjennom den offentlige tannhelsetjenesten både organisere forebyggende tiltak for hele befolkningen og gi et regelmessig og oppsøkende tilbud om tannhelsetjenester til eldre langtidssyke og uføre i institusjon og hjemmesykepleie
- Den enkelte bebuar (evt. med hjelp av pårørende), må fylle ut samtykkeskjema til tannbehandling som følgje med brosjyra.
- Alle får tilbod om tannpleie og behandling minimum ein gong i året, eller ved behov. Enten ved at tannpleier kommer til omsorgssenteret, eller ved konsultasjon på tannklinikken på Rise i Svelgen.
- Sykehjemmet dekker transport til fylkeskommunal tannhelsetjeneste (gjelder ikkje for omsorgsbustader).

## *Generelt*



Menneske er ulike og har ulike behov. Det er derfor viktig at pasienten –eller pårørende formidler "kva som er viktig for deg". Då vil personalet ved Svelgen Omsorgssenter ha den beste føresetnaden for å gje eit tenestetilbod som er tilpassa kvar enkelt.

**Vi ønskjer pasientar og pårørende velkomen til oss!**

## Dette dekkjer kommunen ved opphald på sjukeheim: (eigne regler i omsorgsbustad)

- Alle måltid
- Personlege hygieneartiklar. Dersom bebuar ønskjer andre typar/merke enn det kommunen kjøper inn, må brukar sjølv betale for dette
- Medisinsk forbruksmateriell
- Legetilsyn av legevakt eller tilsynslege
- Medisinsk behandling
- Medikamenter
- Kortidsopphold:
  - Same reglar som for langtidsopphold, men vi anbefalar at pasienten har med medisiner og utstyr for de første dagane, slik at vi får tid til å skaffe om det er ting vi ikkje har på lager.
- Eigenandel for spesialistbehandling (korttidsbebuarar som har fått henvisning før opphaldet av ein annan lege enn tilsynslegen, må dekke eigenandelen til behandlinga sjølv. Det same gjeld for korttidsbebuarar som har fått henvisninga under opphaldet, men som har reist heim når behandlinga finn stad).
- Transport til og frå spesialistbehandlinga.
- Behandling av fysio- og eller ergoterapeut etter ei fagleg vurdering.
- Aktivitets- og velferdstiltak i regi av omsorgssenteret/sjukeheimen.

## Bebuaren må sjølv dekkje følgjande utgifter:

- Fotpleie og frisør
- Hudpleieprodukt for eige velvære
- Innkjøp og reparasjon av briller
- Batteri og forsikring av høyreapparat
- NAV dekkjer innkjøp og reparasjon av høyreapparat, men brukar må betale for konsultasjonen sjølv. Brukar har rett på nytt høyreapparat kvart sjette år
- Tap av tannprotese
- Feriar/turar/arrangement utanfor omsorgssenteret som bebuaren ønskjer å delta på
- Mobiltelefon, fasttelefon, avisabonnement og pc
- Namnelappar til klede

# Omsorgsbustadar

- Vi har sju omsorgsbustadar på Svelgen Omsorgssenter, dette er leilegheiter med separat soverom, stove, liten kjøkkenkrok, bad, bod og eigen altan. Her er det moglegheit for par å bu.
- Disse leilegheitene er ikkje møblert med anna enn TV og gardinar. Her kan ein møblere slik ein sjølv ønskjer, men ein må ta praktiske hensyn for å minimere fallrisiko og for å gjere det enkelt for personalet å jobbe der. Bilder hengast frå bildelist i taket.
- Bebruarane i desse bustadane betalar for husleige, alle måltid og hjelp til praktisk bistand. Dei blir fakturert for hygieneartikler om ein ikkje skaffar det sjølv
- Medisinar og inkontinensprodukt får dei på resept/betalar eigenandel. Dette hjelper vi å ordne.
- Dei betalar også eigenandel på drosjer og lege-/spesialistbehandlingar.
- Sjukeheimen tar ansvar for å fylgje opp kontakt med lege.
- Må sjølv dekke transport til tannbehandling.
- Har moglegheit for å søkje hjelpemidlar gjennom NAV, på lik linje som heimebuande.

## *Telefonnummer*

- Lunden: 40034223 og 45876218
  - Maritinden: 45876234 og 45875208
  - Troda: 45876233 og 45876235
  - Keipen: 45875097 og 45875112
  - Hornelen: 47482756 og 45876231
- 
- Ansvarleg sjukepleiar på vakt: 95988775 (døgnope)
  - Merkantil/resepsjon: 91796261
  - Fagleiar: 91658527
  - Driftsjef: 95989310



## *Kontaktinfo*

- Svelgen Omsorgssenter
- Granden 1
- 6723 SVELGEN
- TLF: 959 88 775

*Velkommen til oss*

